

Prosjektskildring: Praktisk handbok i hjorteforvaltning

Hjorteforvaltninga i dag: kvifor er det behov for ei nettbasert handbok?

Første kapittel i handboka blei publisert i desember 2014, i tråd med prosjektplan i fjorårets søknad. Kapitlet omhandlar Arealbrukskonfliktar og er svært aktuelt i forhold til samfunnets påverknad på viltet og dei utfordringar viltet si åtferd skapar for ulike aktørar i samfunnet. Kapitlet illustrerer såleis den komplekse situasjonen mange offentlege og private forvaltarar av hjortevilt står oppe i til dagleg, og nytten av at eit slikt verktøy som handboka er tilgjengeleg for alle på nett.

Viltforvaltning er berre ei av mange aktivitetar hjå kommunale viltforvaltarar og rettshavarar. Til dømes er tida kommunale forvaltarar har til råde for viltforvaltning ofte under ein tidel av arbeidstida (Hegland 2011). Kunnskapskrava til den kommunale viltforvaltinga derimot er aukande og nasjonal forvaltningsmyndigheiter og reglement ønskjer ein kunnskapsbasert forvaltning. Utføringa skal i stadig større grad byggast på kunnskap slik som kunnskapsbaserte målsetnader utvikling av hjorteviltbestanden lokalt, godkjenning av bestandplanar som kan bygge oppunder demokratisk vedtekne regionale og kommunale mål, iverksetjing av tiltak for å redusera konfliktar mellom motstridane samfunnsinteresser, og å kunne handtere ei stadig større datamengd som vert samla inn av jegerkorps og andre (Hegland 2009; Hegland 2011; Hegland 2012). Databehandlinga krev, til dømes, ofte særskild kompetanse for å kunne nyttast effektivt i ettertid og ikkje alle forvaltarar, kommunalt eller privat, har slik kompetanse i utgangspunktet. Rettshavarane har teke over fleire oppgåver innan hjorteviltforvaltinga, spesielt gjennom bestandsplanlegging (Røyrvik 2011) og skal ideelt sett vera dei som driver den praktisk utøvande forvaltninga som fører til best muleg kjønns og alderstruktur i hjorteviltbestandane og ein tettheit tilpassa ressursgrunnlaget lokalt.

Både offentlege viltforvaltarar og rettshavarar treng praktisk rådgjeving og konkrete retningslinjer og for å kunne utøve ein kunnskapsbasert praksis slik nasjonale myndigheiter har som mål, i samsvar med lovverk og utviklinga i kunnskapsgrunnlaget.

Handboka skal vera opent tilgjengeleg for alle og blir difor fortløpande publisert på nettet, både på Norsk Hjortesenter sine sider og på Hjorteviltportalen. Begge stader er den å finne under faner som omhandlar hjorteviltforvaltning. Kapitlet om Arealbrukskonfliktar var den mest leste saka som omhandla fagspesifikk formidling på hjortesenteret sine facebook-sider i 2015. Det første kapitlet har samla kunnskap frå mange kjelder og gjort desse tilgjengeleg for mange på ein enkel måte. Både sporbarheita i kunnskapen gjennom kjeldebruk og tilrettelegging av kunnskap til praktisk bruk er nøkkelprinsipp i arbeidet med handboka. Vi tek dermed jobben eit steg vidare frå alt det gode arbeidet som er gjort tidlegare både på Hjorteviltportalen (HVP) og gjennom mange publikasjonar, bøker, rapportar og artiklar (t.d. Samdal, Veiberg & Knutsen 2003; Mysterud mfl. 2007; Meisingset 2008; Meisingset mfl. 2012; Solberg mfl. 2012; Bjørneraa mfl. 2012) som alle har stor relevans for den praktiske

Prosjektskildring: Praktisk handbok i hjorteforvaltning

forvaltinga av hjorteviltressursen. Sjølv om mykje informasjon, kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg så er det likevel svært utfordrande for lokale forvaltarar å orientere seg i dette kunnskapsmaterialet og kunne lokalisera dei gode og effektive løysingane på dei praktiske utfordringane ein har lokalt. Utviklinga av HVP frå og med 2012 gjer at ein no har ein gylden mulegheit til å nå ut til forvaltarar, både offentlege og rettshavarar, med praktisk forvaltingsstoff på ein meir effektiv måte. HVP har allereie produsert mykje nyttig stoff og dette prosjektet ønskjer å bygge vidare på dette gode arbeidet

Med denne bakgrunn er det blitt tydeleg at ein treng både gode samanstillingar av kunnskap og oversikt av eksempelbaserte løysingar for bruk av private og offentlege forvaltarar. I 2015 er det nettopp dei praktiske døma som står i fokus i handbokprosjektet: ferdigstilling av kapitlet Kommunale mål som blei starta i fjor og oppstart av arbeidet med kapitlet om Bestandsplanområder og bestandsplanlegging.

Skisse og tidsplan for praktisk nettbasert handbok i hjorteforvaltning

Modular og tidsplan for «Handbok i praktisk hjorteforvaltning» med dømer på problemstillingar

2013-2014	2014-2015	2015-2016
Arealbrukskonfliktar <ul style="list-style-type: none">• Definisjon• Arealplanlegging• Beiteskader• Hagehjort• Påkøyrsler• Verneinteresser	Kommunale mål <ul style="list-style-type: none">• Kva er målet med mål?• Grensegang mot bestandsplanmål/detaljnivå• Eigen Hjorteviltplan?• Bruk av viltfondet	Bruk av dataserier <ul style="list-style-type: none">• Sett-hjort• Fellingstal• Vårteljing• Alders- og bestandsdata• Slaktevekter• Beiteregistreringar
	Bestandsplanområde <ul style="list-style-type: none">• Korleis innpasser bestandsplanen med kommunale målsetnader?• Kva er gode målsetnader?• Fordeling av fellingsløyver?• Evaluere målsetnader: korleis bruke dataseriene på bestandsplannivå?• Vedtekter: kva er essensielt?	
		Avskytingsstrategiar <ul style="list-style-type: none">• Utgangspunktet avgjer strategien• Konkrete dømer gitt ulike utgangspunkt

Diagrammet indikerer at arbeidet er godt i gang og i samsvar med tidsplan. Hausten 2013 hadde referansegruppa (sjå detaljer under) sitt første møte, og altså er første kapittel om 'Arealbrukskonfliktar' blitt publisert i desember 2014. Arbeidet med modulen med

Prosjektskildring: Praktisk handbok i hjorteforvaltning

arbeidstittel 'Kommunale mål' er godt i gang og skal publiserast i 2015 samstundes som ein startar opp arbeidet med modulen med arbeidstittel 'Bestandplanområde'.

Budsjett og finansieringskjelder

Totalbudsjett for dette treårige prosjektet er planlagt til litt over ein million NOK. I 2013 og 2014 fekk vi totalt 237 000,- i stønad frå regionale fond i Hordaland, Rogaland og Telemark, og på slutten av året 2014 kom det inn 200 000 frå Miljødirektoratet. Finansieringsmessig har vi såleis fått in 43% av dei midlane vi har budsjettet som nødvendig for å realisera dei viktigaste delane av prosjektet. Vi må hente inn totalt kr. 600 000 fordelt på 2014 og 2015 for å vera sikre på å fullføre prosjektet. Vi ser det som naturleg at både hjorterike regionar og nasjonale myndigheter er mål for denne søknaden om vidare finansiering. Nokre regionar har meir hjort enn andre og det er difor naturleg å tilpasse dei omsøkte midlane på regionsnivå i samsvar med fellingstala i dei ulike regionane (sjå tabellar under). Basert på erfaring er det urealistisk å få tilslag frå alle aktørar og vi vil difor söke om eit noko høgare totalsum enn det årlege budsjettet for 2015 på 300 000 NOK. Ev. ekstra tildelte midlar vil bli overført til 2016. Ved mindre tilslag ein omsøkt vil vi kunne tilpasse tidsplanen, og ev. omfanget av, prosjektet.

Kostnader 2015-2016	Personell	Beløp
Norsk Hjortesenter	2	400 000
Bioforsk	1	75 000
NINA	1	75 000
Reise og møtekostnader		50 000
Sum		600 000

Vi går utifrå at beløpa blir delt likt mellom 2015 og 2016, jf. beløpa som er sökt om i søknadsskjema.

Søkte midlar 2015	Beløp
Direktoratet for Naturforvaltning	150 000
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal	60 000
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane	60 000
Fylkeskommunen i Hordaland	40 000
Fylkeskommunen i Rogaland	25 000
Fylkeskommunen i Sør-Trøndelag	25 000
Fylkeskommunen i Oppland	10 000
Fylkeskommunen i Telemark	10 000
Fylkeskommunen i Nord-Trøndelag	10 000
Sum	390 000

Det blir sökt om midlar til fylker med > 400 felte hjort i 2013, og beløp er justert i forhold fellingstettleiken i fylka.

Prosjektskildring: Praktisk handbok i hjorteforvaltning

Utviklingsmulegheiter knytt til prosjektet

Det omsøkte prosjektet har potensial til å få eit mindre omfattande oppfølgingsprosjekt som innarbeider stoff og problemstillingar knytt spesielt til elg og ev. rådyr. Då vil ein kunne få ei felles handbok for alle hjorteviltartane og omdøpe den nettbaserte handboka i samsvar med dette.

Ressurspersonar i prosjektet

Magnus Frøyen: Viltforvaltar for Norsk Hjortesenter og mangeårig viltforvaltar hjå Flora kommune. Har spleis god kjennskap til den praktiske kvarldagen for viltforvaltarane og har dessutan vore sentral i å få fortgang i bestandsplanlegginga i Flora kommune. Er sentral for å utarbeide konkrete innhald til handboka.

Vebjørn Veiberg: Hjorteforskar hjå Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) og sentral i Overvakningsprogrammet for hjortevilt. Står bak mange relevante publikasjonar knytt til tematikken som er aktuell for handboka og er sentral i evalueringa av sett-hjort indeksane, kunnskap som vil vera direkte relevant for arbeidet med handboka. Er operativ i referansegruppa for å setja rammeverket for handboka og gje kontinuerleg tilbakemeldingar på produsert innhald.

Erling Meisingset: Hjorteforskar hjå Bioforsk Økologisk og viktig brikke i merkeprosjekta for hjort som har gjeve mykje ny og spennande kunnskap om hjorten. Har vore forfattar og medforfattar på mange sentrale publikasjonar som er relevant for arbeidet med handboka. Er operativ i referansegruppa for å setja rammeverket for handboka og gje kontinuerleg tilbakemeldingar på produsert innhald.

Stein Joar Hegland: Forskingsleiarleiar for Norsk Hjortesenter. Spesialkompetanse innan økologi og har jobba mest med beiteøkologi dei seinare åra. Stod bak prosjektet om *Status og utfordringar i hjorteforvaltinga* for dei tre største hjortefylka på Vestlandet (2009-2012) og dette prosjektet kan sjås på som ei naturleg oppfølging av dette arbeidet. Er sentral for å utarbeide konkret innhald og er leiar for handbokprosjektet.

Forskningsleiar for Norsk Hjortesenter, på vegne av prosjektgruppa



Dr. Stein Joar Hegland
Sogndal 15. januar 2015

Referanser

- Bjørneraa, K. mfl (2013). Klauvvilt i norsk natur: historie, biologi og forvaltning. Akademika Forlag, Trondheim. 218 s
- Hegland, S.J. (2009) Kommunal hjorteviltforvaltning i Møre og Romsdal: status og utfordringar, 27 s. Norsk Hjortesenter Svanøy.

Prosjektskildring: Praktisk handbok i hjorteforvaltning

- Hegland, S.J. (2011) Kommunal hjorteviltforvlting i Sogn & Fjordane: status og utfordringar. *Norsk Hjortesenter Fagrapport*, 33 s. Norsk Hjortesenter, Sogndal/Svanøy.
- Hegland, S.J. (2012) Kommunal hjorteviltforvalting i Hordaland: status og utfordringar. *Norsk Hjortesenter Fagrapport*, 31 s. Norsk Hjortesenter, Sogndal/Svanøy.
- Meisingset, E.L. (2008) *Alt om hjort*. Tun, Oslo.
- Meisingset, E.L., Brekkum, Ø., Loe, L.E., Aarhus, A., Lande, U.S., Rivrud, I.M. & Mysterud, A. (2012) Hjortemerkeprosjektet i Sunnfjord og Sogn: Sluttrapport. 60 s. Bioforsk Økologisk, Tingvoll.
- Mysterud, A., Meisingset, E.L., Veiberg, V., Langvatn, R., Solberg, E.J., Loe, L.E. & Stenseth, N.C. (2007) Monitoring population size of red deer Cervus elaphus: an evaluation of two types of census data from Norway. *Wildlife Biology*, 13, 285-298.
- Røyrvik, A.E. (2011) Kvalitetsikring hjorteforvalting: spørjeundersøking blant storvald i Sogn og Fjordane. 14 s. Sogn og Fjordane Skogeigarlag, Førde.
- Samdal, B., Veiberg, V. & Knutsen, S. (2003) *Målrettet Hjorteforvaltning*. Landbruksforlaget, Oslo.
- Solberg, E.J., Strand, O., Veiberg, V., Andersen, R., Heim, M., Rolandsen, C.M., Langvatn, R., Holmstrøm, F., Solem, M.I., Eriksen, R., Astrup, R. & Ueno, M. (2012) Hjortevilt 1991-2011: Oppsummeringsrapport fra Overvåningsprogrammet for hjortevilt. *NINA Rapport*, 156 s. NINA, Trondheim, Norway.